

To konfirmasjonsgudstenester neste år

24.05.2007

Konfirmasjonen dette året er nettopp vel i hamn, og kyrkja har alt så vidt byrja planlegging av neste års konfirmasjon. Datoen er fastsett til 4. mai, og på grunn av det store årskullet vert det lagt opp til to konfirmasjonsgudstenester denne dagen

Det er heile 25 uskedelingar som går i 8. klasse dette året. Det er det største årskullet vi har hatt i bygda nokon sinne. Kor mange av desse som skal konfirmere seg kyrkjeleg, er ikkje bestemt enno, men at det vert ein stor flokk, er sikkert. Kanskje vert det det største konfirmasjonsskullet som har vore i Uskedalen?



Vi kjenner til at det har vore over tjue konfirmantar i bygda tidlegare, men vi er usikker på når det største var. Derfor hadde det vore kjekt om lesarane kunne hjelpa oss med kva år dette var. Send oss ein e-post om det.

Av plassomsyn vert det som nemnt lagt opp til to konfirmasjonsgudstenester neste år, - den første vert kl. 10 medan den andre vert kl. 12. Konfirmantane og foreldra får koma med ønskje om kva for ei av desse dei ønskjer å delta i. Det er første gongen det er to gudstenester i Uskedalen konfirmasjonssøndagen.